
Notat

Til:
Austevoll kommunestyre

Kopi til :

Frå :
Rådmannen

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
09/765- 2/SHO	FE-610		04.09.2009

TILTAKSPAKKE - BRUK AV MIDLAR

Austevoll kommune fekk tildelt kr. 2.973.000,- frå statens sin ”tiltaksapakke” til vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

Kommunestyret vedtok i møte 02.02.2009, sak 017/09, å fordela midlane slik:

Austevoll kommunestyre viser til saksframstillinga og vedtek slik prioritering av midlar til vedlikehald frå Regjeringa sin tiltaksapakke:

Austevoll ungdomsskule – tilrettelegging for rørslehemma	1,5	mill.	kroner.
Trolandshamar skule – tilrettelegging for rørslehemma	0,2	”	”
Eidsbøen bufellesskap – tilbygg	0,5	”	”
Reparasjon av tak/oppussing Kommunehuset	0,25	”	”
Opprustning kommunale vegar	0,25	”	”
Uføresette kostnader/kommunale vegar	0,3	”	”

Austevoll kommunestyre vedtek at bruk av auka frie inntektene kr. 1.021.000,- vert utsett i påvente av ein nærare vurdering av budsjettet for 2009.

Austevoll ungdomsskule.

Kommunestyret vedtok i sak 090/09 å utsetje arbeidet og bad rådmannen koma med forslag til alternative løysingar for tilrettelegging av skulen for rørslehemma elevar. Arbeidet med utgreiing av andre løysingar pågår.

Trolandshamar skule.

Arbeidet er ferdig. Av løyvinga på kr. 200.000,- er nytta kr. 148.262,60.

Eidsbøen bufellesskap.

Arbeidet er ferdig. Av løyvinga er til no bokført kr. 404.824,-. Det manglar sluttrekning.

Kommunehuset.

Arbeidet er ferdig. Av løyvinga er brukt kr. 249.779,25. Storparten er nytta til innreiing av kontor for psykiatri og PPT (tidlegare trygdekontor).

Kommunale vegar.

Vegen til gravplassen på Storebø er ferdig asfaltert. Kostnad kr. 188.299,19.

Uføresette kostnader/kommunale vegar.

Denne summen er ikkje disponert.

Notat til orientering

Til:
Kommunestyret

Kopi til :

Frå :
Rådmannen

Vår ref.
09/1981- 1/LIØ

Arkivkode
FE-

Dykkar ref.

Dato
09.09.2009

KJØP AV LÆREBØKER PÅ INVESTERINGSBUDSJETTET

Midlar som er sett av til innkjøp av lærebøker er nytta til føremålet.

For ordens skyld ynskjer eg å orientere om at hadde Austevoll ungdomsskule nytta av eigne midlar til naudsynte innkjøp av lærebøker før vedtak om kr 100.000.000,00 blei gjort.

Alle skulane fekk etter fordelingsnøkkel ein sum til innkjøp av lærebøker.

Det er rektor i samarbeid med tilsette som vurderer kva for lærebøker som skal kjøpast inn i høve til denne summen.

Det er kjøpt:

- Lærebøker i alle fag
- Til alle klassetrinn
- Naudsynt undervisningsmateriell til språkfag
- Oppslagsverk

Det er pr i dag inne bestillinga på lærebøker som ikkje er levert, og uteståande fakturaer.

Notat for oppfølging

Til:

Austevoll kommunestyre

Kopi til:

Frå :

Rådmannen

Vår ref.

09/2005- 09/9885/John Levi
Weløy

Arkivkode

FA-M82

Dykkar ref.**Dato**

07.09.2009

OPPFYLGING AV POLITISKE SAKER - RESTANSELISTE - RESTVERDIREDNING

Viser til notat til orientering frå rådmannen dat. 23.07.09 samt orientering på mail frå brannsjefen dat. 23.07.09

I samband med slokking og etterslokking av brann i bygning vert det vurdert rekvirering av Restvediredning, (RvR teneste). RvR teneste vert nytta i samband med restverdiredning etter brann i bygning og er eit samarbeid mellom forsikring og brannvesen og som det også vert betalt for. Hensikten er å gjøre ein best mogleg jobb for dei det gjeld, (eigar/forsikringsselskap). Desto tidligare ein kan gå inn med RVR- tenesta, desto mindre skadeomfang/sekundærskader. RVR er et samarbeid mellom Brannetaten og forsikringsnæringen for å redde mest mulig av gjenverdier etter branner, vannlekkasjer og lignende.

Tenesta er organisert ved at Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH) har investert i spesialinnreia bilar som er plassert på 19 brannstasjonar rundt om i landet. RvR-bilar er utplassert i Alta, Bergen, Bodø, Fredrikstad, Hamar, Harstad, Haugesund, Kongsberg, Kristiansand, Lillehammer, Molde, Oslo, Rana, Sandefjord, Skien, Stavanger, Tromsø, Trondheim, Ålesund. Kvar av dei 19 brannstasjonane dekkjer i tillegg til eigen kommune mellom 15-30 nabokommuner. RvR-tjenesten dekkjer over 370 av landets kommunar. RvR-bilane er utstyrt med mellom anna pumper for å fjerne vatn, vifter for å fjerne røyk, strømaggregat for nødstrømforsyning, med mer.

RVR-tjenesten er i beredskap 24 timer i døgnet, hele året, og kan rekvirerast frå det lokale brannvesen. Ved tidlig varsling til RvR kan uerstattelige verdier reddast. Kommunen vert ikkje økonomisk belasta om ein nyttar RvR tenesta og huseigar/forsikringstakar vil oppleve dette som "gratis" då det er det aktuelle forsikringsselskap som vert belastet.

Dersom mannskap frå branntenesta i kommunen vert nytta, vil dei få betalt for dette. Austevoll Brann- og redningsteneste har ved fleire anledninger rekvirert RvR- redning, men røynsle viser at i staden for eit RvR team frå Bergen brannvesen vert det sendt ut eit sanerings firma.